

6801 Førde, 25.8.1976

EB/OB

3669 27.8.76
ARKIVERES

Ras i Lysa, Årdal.

Rapport frå synfaring 19.8.1976 v/komm.ing. Hjelle og
overing. Bjørbæk, NVE.

./.
Vedlagt skisse, datert 25.8.1976.

1. Forbygging.

Frå fjellfoten og nedover eit stykke er Lysa forbygd på høgre breidd. Forbygninga er viktig og bør haldast i god stand til kvar tid. Eit par mindre sår bør utbetrast og løpet bør ryddast for busker og tre.


2. Skredsikring.

Under snøskred i desember 1975 i Lysa har skredet gått over høgre breidd og ned mot bebygd område. For einytterlegare sikring av områdene synest det naturleg å byggja ein voll av steinmasser frå grov ur vest for Lysa. Vollen bør gjerast omlag 100 m lang med forankring i fjellfoten eit stykke bak forbygninga på høgre breidd. Vollen bør utførast med køyrbar krone (ca. 4 m), og med ei minste høgde på ca. 2 m over terreng, jamt over monaleg meir. Vidare nedover bør terrenget ryddast for skog og elles reinskast opp slik at skredmassene vert leida ned mot mindre sårbare områder.


Lenger nede, mellom Støbakkvegen og Hydrovegen, bør leggst opp ein voll på høgre (vestre) side av Lysa sitt løp for vern av trafobus, bustader m.v. Vollen vert omlag 40 m lang og kan t.d. utførast av tunellmasser.

Kostnadane ved dei arbeida som her er foreslått vert truleg kr 100.-125.000,-.


For nærare planlegging, kostnadsoverslag m.v. må det utførast ein del oppmålingsarbeide. Ein går ut frå at kommunen sin tekniske etat tek seg av dette.


Erik Bjørbæk

Forb. og abnd. kring
annat Leyso, Pindal.



38669 27.8.7
 ARKIVENS



— = öftringsvaller

Förðu, 25.8.1976
 Láru Þjóðkald